



---

## Referat frå elevrådsmøte torsdag 12.05.2022

Elevar frå 5. – 7.trinn er representert i elevrådet. Ein gut og ei jente frå kvar klasse.

### **Sak 1 Resultat elevundersøkinga.**

Me gjekk gjennom resultat frå elevundersøkinga. Diskuterte kva dei legg i spørsmåla, korleis skal me bruke svara, om dei har innspel til kva skulen kan bli betre på.

Dette kom fram:

- På spm ang «interessert i å lære» seier elevane at dei tenkjer mest på kva fag dei liker. Og ofte liker dei ikkje alle fag, derfor svarer dei «midt på treet». Nokon seier at viss dei har kjedelige fag den dagen, så påverkar det svaret litt.
- Spm. Arbeidsro, det trenger ikkje vera heilt stilt, så lenge det er arbeidsro. Jamt over syns dei det er god arbeidsro, men det hendar at nokon tullar av og til.
- Mange ønskjer meir variasjon, oftare leik som avbrekk i undervisninga. Men her er dei også litt ueinige, nokon syns det er travelt å skifte fokus heile tida. Syns det er bra å jobba over lengre tid med same fag/tema, men gjerne med ulike metodar/innfallsvinklar.
- På spm ang nok utfordringer i fag, vil gjerne ha meir grubleoppgåver, undringsoppgåver, der dei kan samarbeide om å finne svaret.
- Liker å jobbe med læreven eller i grupper, praktisk og vil gjerne ha muntlege tilbakemeldinger på arbeidet dei gjer.

Me snakka litt om elevmedverknad og vurdering, kva det kan vera. Då kom det fram at dei ofte har medverknad på korleis dei arbeider, presentasjonsform, at dei får mange val ift oppgåver. Men dei utrykte at dei er usikre på kva det betyr i elevundersøkinga, kva dei meiner når dei spør om elevmedverknad, dei trudde kanskje det var noko anna.

Vurdering vil dei helst ha muntleg, at læraren snakkar med dei om kva dei kan og kva dei må øve meir på.

**Sak 2 Evt**  
Ingen saker

Sigrid Kjetland  
-referent-